Magasinet
# stefanus

56. årgang, nr. 2 – mars 2026

Utgitt av Stefanusalliansen

Vil være en stemme for de drepte i Iran 14
Eyvind Skeie om bønn og frykt 12
Vil redde dem som ville drepe ham 18




‘Taliban truer meg. Men jeg ønsker å fortelle at jeg tror på Jesus Kristus. Jeg vet hva korset betyr, og jeg følger korset. Jeg lever for de lidende, og jeg er klar til å dø for å forsvare deres rettigheter.’

Pakistans minoritetsminister Shabaz Bhatti like før han i 2011 ble myrdet på grunn av kampen mot blasfemiloven. Side 4-7

# Troens kraft



*Hver uke holdes gudstjeneste på Rebekas gårdsplass. Foto: Stefanusalliansens partner*

> Rebeka ble såret, men verken motløs eller knekt.

## Kjære venner i Stefanusalliansen

**Jeg vil dele** med dere historien om enken Rebeka. Da hennes ektemann døde i 2007, føltes det som om himmelen falt ned over Rebeka. Han var den som hadde skaffet familien et levebrød som dagarbeider. Å holde barna i live ble Rebekas største bekymring. Hun var dypt fortvilet, ja, desperat for barnas fremtid.

Da kom Rebeka i kontakt med vår medarbeider Rakibul. Han trøstet henne, leste fra Matteusevangeliet kapittel 5 og forklarte hvorfor Isa Masih (vårt navn på Jesus) kom til verden og døde på korset. I 2008 tok Rebeka imot Isa Masih som frelser. Senere tok også begge sønnene og datteren imot troen. Rakibul døpte dem.

En dag skrev Rebeka til meg: «Jeg tror at det å dele med andre det jeg vet om Isa Masih, er mitt ansvar og min plikt.»

Drevet av denne overbevisningen begynte hun i 2021 å forkynne Guds ord blant andre enker. Flere ble med i det som ble til et husfellesskap. I 2023 sluttet 21 kvinner seg til. Da begynte hun å samle dem regelmessig til gudstjeneste i sitt eget hjem.

Da naboene oppdaget dette, begynte de å trakassere Rebeka og barna. De brøt kontakten, kastet søppel på veien til huset og skremte og truet kvinnene som var med i husfellesskapet. De mobbet Rebekas barna og brukte ordet «kristne» som skjellsord.

Rebeka ble såret, men verken motløs eller knekt. I stedet endret hun strategi: Hun sluttet å samle kvinnene i sitt eget hjem og begynte i stedet å besøke dem, en for en, for å holde gudstjenester i deres hjem.

Kvinnene vokste åndelig, og fellesskapet Rebeka leder, økte i antall. Ved slutten av 2024 hadde hun klart å bygge opp igjen gode relasjoner til naboene. I dag teller husfellesskapet hun leder 70 Isa Masih-troende, og de fleste er enker. Ytterligere ti kvinner er klare for dåp.

Dette er en historie om utfordringene som møter dem som tar imot Isa Masih som frelser i et muslimsk miljø. Men fortellingen inspirer også, den vitner om evangeliets kraft. Be for Rebeka og de mange hun leder. Be for oss. Og be for landet vårt, Bangladesh, som lider av sterke spenninger.

Hilsen **Mehedi**
Stefanusalliansens partner i Bangladesh

Av sikkerhetsgrunner er alle navn byttet ut.

Magasinet stefanus

**Utgiver:**
Stefanusalliansen

**Adresse:**
Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo

post@stefanus.no

**Telefon:**
23 40 88 00

**Ansv. redaktør:**
Johannes Morken
*jm@stefanus.no*

**Redaksjon:**
Hilde Skaar Vollebæk
Marianne Haugerud
Kristine Tveit Jordet

**Forsidefoto:**
Shabaz Bhattis grav i Khushpur i Pakistan. Foto: Ibrahim Chris Haroon

**Design:**
Von: Bendik Schøien

**Trykk:**
Kai Hansen Trykkeri

**Opplag:**
17 100

**Gavekonto:**
3000 14 57922

**VIPPS:**
19013

stefanus alliansen
sammen for de forfulgte

Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

**Magasinet kommer gratis sju ganger i året.** Bestill med SMS: MAGASIN til 1901 eller post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:

kabb@kabb.no

**www.stefanus.no**
f/stefanusalliansen
@stefanusalliansen

# Han følgde krossen

**Den unge katolske** aktivisten Shahbaz Bhatti viste veg i kampen mot ekstremismen i Pakistan. Han stod opp for dei forfølgde, dei som nesten ingen våga å stilla opp for. For 15 år sidan i desse dagar vart Bhatti kaldblodig myrda. Ekstremistar tolte ikkje at Bhatti, som var ein aktiv minister for Pakistans minoritetar, protesterte mot blasfemilova. To månader tidlegare var Bhattis allierte, guvernør Salman Taseer, teken av dage av si eiga livvakt.

Eg planla å reisa til Pakistan for å skriva om arven etter Taseer og Bhatti. Men Pakistan gav meg ikkje visum. Artiklane i dette magasinet er difor blitt til med hjelp av folk som kjende Shahbaz Bhatti.

**Trua på Jesus**

Bhatti var klar: Trua på Jesus Kristus gav han eit kall. Han visste at han risikerte livet i kampen for dei som var kasta ut i mørket av forfølging. Han visste at nokon måtte kjempa for rettferd for folk av ulik tru og for kvinner utsette for overgrep. Bhatti sa: «Eg følgjer krossen.»

Kampen kosta Bhatti livet. Ikkje alle kan ta ein livsveg som den Bhatti tok. Men vi har alle eit kall til å våga noko for dei undertrykte, marginaliserte, utstøytte og forfølgde. Jesus sjølv sa at den som vil følgja han, må ta krossen sin opp.

**Kvar vår kross**

Vi har ulike krossar å bera. Vår ven biskop Thomas i Egypt har sagt at vi som har fått lettare krossar, kan hjelpa dei å bera som har fått tyngre krossar. Folket i Iran som har opplevd massakrar, våre trussøsken og dei like forfølgde bahaiane treng vårt engasjement no.

Prest og salmediktar Eyvind Skeie etterlyser i ein artikkel eit nytt bønespråk som gjev meir plass til den uroa og frykta også vi her i landet kjenner på i ei meir usikker verd.

**Påske med mørke og lys**

Lat oss ta uro og frykt med oss i bøn i fastetida og gjennom mørket langfredag til lyset frå påskedag. Lat oss bli inspirerte av menneske som Shahbaz Bhatti til å leva ut kallet til å kjempa for rettferd og hjelpa dei som har fått tyngre krossar enn oss.



**Johannes Morken**
Redaktør




*Mars 2011: Kristne i sorg etter drapet på Shabaz Bhatti.*
*Foto: Shutterstock*

# Ofret livet for forfulgte

– Jeg lever for de lidende, og jeg vil dø for å forsvare deres rettigheter, sa den pakistanske ministeren Shabaz Bhatti like før han ble myrdet for sin kamp mot blasfemiloven.

TEKST: **JOHANNES MORKEN**



*På familiegravplassen i landsbyen Khushpur ligger Shabaz Bhatti begravet. Foto: Ibrahim Chris Haroon*

**På en grav** i landsbyen Khushpur, 130 kilometer sørvest for storbyen Lahore i Pakistan, står det skrevet i rødt «Martyr Shabaz Bhatti» under bildet av den drepte kristne ministeren. For 15 år siden, 2. mars 2011, ble 42-åringen skutt og drept av pakistanske ekstremister.

På gravplassen Cavalry Ground inne i provinshovedstaden Lahore ligger Salman Taseer begravet. To måneder før drapet på Bhatti, den 4. januar, ble den 66 år gamle guvernøren i Punjab drept med 27 skudd av sin egen livvakt. Drapet ble møtt med jubel fra over 500 religiøse ledere.

### Skremte

– Drapene på en minister og en guvernør skremte andre fra å protestere mot blasfemiloven, sier Sajid Christopher, leder for Human Friends Organization (HFO), Stefanusalliansens partner, i Lahore i Pakistan.

Shabaz Bhatti var fetter til Christophers far. De kom fra samme landsby, Khushpur. Bhatti ble lagt til hvile på familiegravplassen i landsbyen.

En som samarbeidet mye med Bhatti, var den engelske aktivisten Benedict Rogers.

– Bhatti var en modig katolsk aktivist helt fra ung alder, sier Rogers. Han og Bhatti reiste sammen flere ganger i Pakistan fra 2004 til 2009. I dag er Rogers seniordirektør i menneskerettighetsorganisasjonen Fortify Rights.

### Ville hjelpe

Bhatti var med på å grunnlegge en pakistansk allianse for minoriteter og ble i 2002 dens leder. I 2008 ble han medlem av nasjonalforsamlingen og kort tid etter minister for minoriteter i regjeringen – den første kristne i denne posten.

– Dette var første gang denne ministerposten ble holdt av en som virkelig ønsket reformer og ikke en som var en formell representant for en minoritet, sier Rogers.

Rogers minnes morgenen 2. mars 2011 da han hjemme i London slo på telefonen og PC-en og fikk den tragiske meldingen om at Bhatti var drept. Meldingen var «ikke uventet, men jeg håpet likevel at den aldri ville komme».

Shabaz fikk, sier Rogers, mye ut av årene som minister. Han kjempet for mennesker fra alle trosretninger og for undertrykte kvinners rettigheter. Rogers minnes da han og Bhatti satt sammen med en sju år gammel jente som var voldtatt og mishandlet.

– Bhatti hjalp jenta og familien fordi ingen andre ville, sier Rogers. →

> Jeg vet hva korset betyr, og jeg følger korset.
>
> *Shabaz Bhatti*

I 2009 kom Bhatti til London. Han talte til Christian Solidarity Worldwide (CSW), der Rogers den gang arbeidet. Han sa blant annet: «Vi vil skape forandring i livene til dem som ikke har håp, og vi vil kalle frem et smil i ansiktene til dem som (...) blitt utsatt for overgrep.»

**Kostet ham livet**

Kampen mot blasfemiloven var viktig for Bhatti. Han støttet den kristne kvinnen Asia Bibi, som ble arrestert i juni 2009 og dødsdømt for blasfemi året etter. Han besøkte henne i fengselet flere ganger. Bhatti fikk ikke oppleve at Asia Bibi i 2018 ble frikjent av Høyesterett, som ikke fant bevis.

I januar 2011 var det Bhatti som fortalte den fengslede Asia Bibi at guvernør Salman Taseer var myrdet.

> Bhatti hjalp jenta og familien fordi ingen andre ville.
>
> *Benedict Rogers*

Bhatti mistet en viktig alliert da guvernøren ble drept, og visste at han selv kunne bli det neste offeret. Allerede før drapet på Taseer hadde Bhatti spilt inn et video-intervju med BBC som skulle være klart i tilfelle han ble drept. Der sa han:

«Taliban truer meg. Men jeg vil fortelle at jeg tror på Jesus Kristus, som har gitt sitt eget liv for oss. Jeg vet hva korset betyr, og jeg følger korset. Jeg er klar til å dø for en sak. Jeg lever for samfunnet mitt og for de lidende, og jeg er klar til å dø for å forsvare deres rettigheter.»

**Store fremskritt**

I talen til CSW i London i 2009 sa Bhatti også at han og andre ikke kunne tillate «intoleransekreftene å ta landet vårt til fange».

– *Hva er arven etter Bhatti?*

– På den ene siden gjorde Bhatti de siste månedene av livet sitt virkelig store fremskritt. Han bygde relasjoner med islamske geistlige, besøkte moskeer og talte til store forsamlinger av religiøse ledere. Han var, slik jeg ser det, nær ved å lykkes i å bygge en bred koalisjon mot intoleranse og ekstremisme. På den andre siden: Ekstremismen er ikke bekjempet. Drapene på Bhatti og Taseer styrket tvert imot ekstremistenes grep. Andre må ta opp arven hans i kampen mot ekstremismen, sier Rogers.

– *Hva kan aktivister og myndigheter utenfor Pakistan gjøre?*

– I dag nytter det ikke å forsøke å få Pakistan til å endre eller avskaffe blasfemiloven. Det vi kan forsøke, er å få Pakistan til å endre



*I St. Bartholomeus-basilikaen i Roma ligger bibelen til Shabaz Bhatti utstilt.*
*Foto: Benedict Rogers*




*Guvernør Salman Taseer (66), som ble drept i januar 2011, ligger begravet i Lahore. Foto: Shan Rasheed, HFO*

» Bhatti er en moderne martyr.

*Benedict Rogers*

praktiseringen av loven og skjerpe kravene til bevis i blasfemisaker. Så kan vi håpe at en dag vil loven kunne avskaffes, svarer Rogers.

**Bhatti – en martyr**

Rogers sier at «med drapet på Shabaz Bhatti mistet Pakistan sin Martin Luther King».

– Bhatti er en moderne martyr. Han kjempet for trosfriheten og døde for den.

Rogers mener at den katolske kirke bør saligkåre Shabaz Bhatti, og at den verdensvide kirken bør anerkjenne Bhatti som martyr.

Bibelen til Bhatti ligger utstilt i St. Bartholomeus-basilikaen på Tiberøya i Roma.

– Hver gang jeg er i Roma, går jeg inn der og minnes Bhatti, hans vitnesbyrd og arven etter ham. Det oppfordrer jeg også andre til å gjøre, sier Rogers. ▮





*Benedict Rogers (t.h.) kaller Shabaz Bhatti (t.v.) «en moderne martyr». Foto: Benedict Rogers og Fortify Rights*

## Minst 104 drept for påstått blasfemi

Fra Pakistan ble opprettet i 1947 til 1994 var det ingen drap i Pakistan på grunn av påstått blasfemi.
Blasfemiloven, arvet fra det britiske kolonistyret som ønsket ro mellom religiøse samfunn, ble islamisert og aktivert på slutten av 1980-tallet.
Bladfemiloven har fengsel på livstid eller dødsstraff.
Ingen er henrettet etter dødsdommer, men ekstremister tar dødsstraff i egne hender.
Første drapsoffer var den muslimske lederen Hafiz Sajjad Tariq i 1994.
Fra 1994 til mai 2024 ble 104 drept av ekstremister på grunn av blasfemiloven.
Flere er drept etter den tid.
Av de 104 drepte var 49 muslimer, 30 kristne og 14 ahmadiyyaer.
Minst 71 hadde pr juni 2024 overlevd drapsforsøk.
Kraftig økning i blasfemidrap etter 2020.

*Kilde: Faith and Fury: The Rise of Blasphemy-driven Violence in Pakistan, Center for Research and Security Studies (2024).*

# DIGITAL UTPRESSING AUKAR



Sajid Christopher (nr to frå venstre) saman med representantar for ein koranskule i Lahore. Foto: Christine Gripsgård Lunga

**Fleire i Pakistan vågar** å protestera mot omfattande misbruk av blasfemilova. Samstundes aukar omfanget av digital utpressing med blasfemilova som våpen.

I mars 2025 vart seks tiltalte dømde til fengsel på livstid eller døden i ein domstol i Ravalphindi i Punjab-provinsen. Dei vart dømde for påstått spreiing av blasfemi i sosiale media eller på WhatsApp.

I desember 2025 vart dei frikjende av Lahore High Court Ravalphindi. Domstolen, som kan liknast med Lagmannsretten her i landet, fann at det ikkje fast prov. I januar blei frifinninga i ei av sakene anka til Høgsterett av det nasjonale cyberkrim-byrået.

## Blasfemibandar

– Digitale blasfemibandar sender meldingar med lenker til noko blasfemisk. Dei som klikkar på lenkene, vert utsette for utpressing: Dei må betala for ikkje å bli arresterte og fengsla for blasfemi, kommenterer Sajid Christopher, leiar i Human Friends Organization (HFO).

HFO har dei siste 15 åra hatt kring 20 saker der uskuldige er blitt arresterte, fengsla og ofte dødsdømde for blasfemi.

Den kristne firebarnsfaren Asif Pervaiz har vore fengsla sidan august 2013 og uskuldig dødsdømt sidan 2020. Kvar månad hjelper HFO kona Maroline og dei fire barna med pengar til husleige, mat, skulegang og andre utgifter.

## Protest mot misbruk

Blasfemilova vert misbrukt som våpen også mot andre religiøse minoritetar, som ahmadiyya, og mot muslimar som ekstremistane ikkje toler. Blasfemilova vert også brukt i private feidar: Å skulda ein motpart for blasfemi er ein risikofri måte å få vedkomande fengsla på.

– Det positive er at fleire, også nokre muslimske lærde, vågar å seia at Pakistan må få slutt på misbruket av blasfemilova, at lova utan risiko kan brukast som våpen mot uskuldige, seier Christopher til Magasinet Stefanus.

> Det positive er at fleire vågar å seia at Pakistan må få slutt på misbruket av blasfemilova.
>
> *Sajid Christopher*

*Medarbeidere i Stefanus-alliansen møtte religiøse ledere i Lahore. Foto: Human Friends Organization*




# Ledere ble utfordret

En muslimsk religiøs leder utfordret de mer konservative: Han spurte hvor mange koner de hadde.

TEKST: **MAGASINET STEFANUS, LAHORE, PAKISTAN**

**I november** var to ansatte i Stefanusalliansen i Pakistan hos vår partner Human Friends Organization (HFO) i storbyen Lahore

Den første dagen gjennomførte de en workshop for kvinner med temaet «Trosfrihet – kvinner møter kvinner». Dagen etter holdt de en tilsvarende workshop, med enkelte justeringer, for en større gruppe på 45 deltakere av begge kjønn. Blant deltakerne var det lærere, aktivister, representanter fra sivilsamfunnet, advokater og religiøse ledere.

**Definerte trosfrihet**

De la vekt på å definere begrepet trosfrihet, samt å belyse både legitime og ulovlige begrensninger av trosfriheten. De ville gi deltakerne innsikt i når myndighetenes restriksjoner utgjør brudd på trosfriheten.

De satte søkelys på hvordan menn og kvinner opplever helt ulike typer brudd på trosfriheten.

Deltakerne ble aktivt involvert i gruppesamtaler og diskusjoner, der de reflekterte over egne perspektiver basert på profesjon, religion og kjønn.

**Takknemlighet**

Den tredje dagen lanserte de Stefanusalliansens hefte «Trosfrihet med kvinner i fokus», som ble oversatt til urdu tidlig i fjor. Lanseringen samlet rundt 90 deltakere, og HFO delte ut heftet til alle. Det var stort engasjement blant kristne og muslimske ledere, menneskerettighetsforkjempere og advokater. Mange uttrykte takknemlighet for heftet som en verdifull ressurs.

Stefanusalliansens utsendte ble invitert til en moské av en religiøs leder under lanseringen av heftet. De ble varmt tatt imot av rundt 15 religiøse ledere og 60 barn. Barna bor der og får opplæring i islamske læresetninger basert på tolkninger av Koranen.

Under samtalene hevdet flere at Pakistan preges av fredelig sameksistens mellom ulike trosretninger, men andre påpekte at utfordringene er betydelige, særlig for minoriteter og kvinner.

> En deltaker fremhevet hvordan blasfemiloven misbrukes mot både kristne og liberale muslimer.

**«Blasfemiloven misbrukes»**

En deltaker fremhevet hvordan blasfemiloven misbrukes mot både kristne og liberale muslimer. Det ble også understreket at kvinner ofte blir undertrykket, trakassert og behandlet som objekter.

Det ble åpent uttrykt bekymring for hvordan ekstreme grupper skaper frykt, blant annet ved å stenge skoler og hindre utdanning for jenter. Flere religiøse ledere advarte om at denne praksisen bidrar til økende radikalisering og begrenser mulighetene for sosial utvikling.

De besøkende fikk også oppleve at en av deltakerne utfordret de mer konservative religiøse lederne. Han spurte hvor mange koner de hadde. Poenget var å illustrere mangelen på likestilling mellom kjønnene. De fikk oppleve at initiativ for å sette ord på trosfrihet for kvinner og minoriteter kan ha betydning.




# PAPIRLAUS FLUKT FRÅ HAT

*Kvinnene serverer lunsj som mannen til den eine har laga. Paret prøver å skaffa seg eit levebrød med catering – men marknaden er enno liten.*

Heime i Pakistan øydelegg ekstremistar gudshusa deira og trugar dei på livet. På flukt er familiane rettslause.

TEKST OG FOTO: **JOHANNES MORKEN, BANGKOK, THAILAND**

**Ahmadiyya**

- Islamsk messiansk vekkingsrørsle. Etablert i Punjab i Britisk India i 1889.
- Grunnleggjaren hevda å vera Messias.
- Driv dialog og fredsarbeid.
- Ahmadiyyaer og kristne er like utsette for blasfemiskuldingar i Pakistan.

**Ein stad i den** thailandske hovudstaden Bangkok: Ei gruppe mødrer og barn tek gjestmildt imot. Dei diskar opp med maten som mannen til ein av dei har stelt i stand.

Men historiene er tragiske. Dei flykta frå Pakistan etter grov diskriminering og trakassering. Somme hadde mista jobben, alle hadde opplevd hets og fleire hadde fått drapstruslar frå ekstremistar.

### Øydelagde gudshus

Dei er ahmadiyya-muslimar. Det vil seia at både i sunni-islam og sjia-islam blir dei nekta å kalla seg muslimar, og dei blir nekta å kalla gudshusa moskear. I 1974 erklærte Pakistan ahmadiyyaene som ikkje-muslimar – det blir rekna som blasfemi at dei kallar seg muslimar. Dette kjem på toppen av den vanlege blasfemilova som dei også er offer for. I tillegg til diskriminering på alle plan i samfunnet, oppmodar ekstremistgrupper i Pakistan til hat og vald.

I dette rommet møter eg seks kvinner med barn, ei er alt blitt bestemor. Alle er frå ulike stader i Punjab-provinsen i Pakistan. Ei av kvinnene fortel om eldstebroren som vart drepen i ein massakre i Lahore i Pakistan i mai 2010. Midt under fredagsbøna vart minst 94 ahmadiyyaer drepne. Over 120 vart skadde. Den pakistanske utgåva av Taliban tok på seg ansvaret for angrepet mot ahmadiyya-samfunnet.

– Bror min skulle snart bli far til sitt andre barn då han blei drepen, fortel kvinna.

### Kasta ut av skulen

Då lærar-kollegane fekk vita at ho var ahmadiyya, vart ho kalla kafir – vantru – og kasta ut av skulen.

– Barna våre fekk høyra frå andre elevar og frå lærarar at dei ikkje var gode nok, fortel ho.

Dei einaste jobbane som mannen hennar, som er elektrikar, fekk, var småjobbar frå folk som ikkje spurte etter religionen hans. I 2024 flykta dei.

– Ekstremistar hang opp banner der det stod at det var forbode å gje noko til ahmadiyya-folk. Alle ekstremistgrupper hatar oss. Religion blir brukt for å skapa hat, seier ho.

> Bror min skulle snart bli far til sitt andre barn då han blei drepen.
>
> *Ahmadiyya-kvinne i Bangkok*

### På flukt i 13 år

I Bangkok lever familiane på få kvadratmeter, i eit land som ikkje vil ha dei. Det er lett for folk frå Pakistan å få turistvisum til Thailand, berre dei kan betala for å koma seg dit.

Men då dei 60 dagane var omme, stod dei utan papir. Dersom dei vert oppdaga av utlendingspolitiet, blir dei internerte i leirar som det går stygge gjetord om.

Det går lenge mellom kvar gong eit trygt land vil ta imot ein ahmadiyya. Ei av kvinnene har ei syster i Canada og drøymer om å kunna reisa same vegen.

Det finst skular i Bangkok der barna får gå, men det kostar og krev ei komplisert registrering. Nokre frivillige organisasjonar har støtta dei økonomisk, men desse slit med budsjetta.

Ei av kvinnene, Ramalla, betalar til dømes over 2000 kroner i månaden for leige av eit rom til seg og sonen på fire år.

Nokre av dei eg møter, har vore i Bangkok sidan 2013. Dei andre kom i 2016, 2017 eller 2024.

– Folk er stressa og pressa. Eg er uroleg for barna. Vi må heile tida be dei vera stille for at ingen skal finna oss her. Barna blir frustrerte. Dei ser vaksne som er prega og stressa av at vi ikkje må bli oppdaga, seier Ramalla.

Med hjelp av YouTube har ho lært seg flytande engelsk.

### «Eg må vera sterk»

– Som einsleg mor har eg traume. Men eg må vera sterk for å verna den fire år gamle sonen min. Etter at eg vart skilt frå ein valdeleg mann, har eg oppdaga at eg har ei gåve i å ta meg av utsette born. Eg ønskjer å utdanna meg for å læra meir om mental helse for sårbare unge.

*– De er nærast låste fast her. Kva tenkjer du om framtida?*

– Eg håpar kvar dag at vi skal finna noko positivt vi kan dela. For å skapa håp, svarar Ramalla. ∎



*Kristne i bønn i en katolsk kirke i den kristne bydelen Johannabad i Lahore i Pakistan. Foto: Christine Gripsgård Lunga*

# Bønn og frykt

> Også frykten hører med i bønnen, vår og andres frykt.
>
> *Eyvind Skeie*

TEKST: **EYVIND SKEIE**

**Jeg deler noe** jeg har tenkt på en tid, til ettertanke og inspirasjon for dere som leser dette bladet:

Mine tanker gjelder kirkens bønnespråk, og særlig kirkebønnen. Gudstjenestens bønnespråk må være slik at det gjenkjennes i og av menigheten. Det gjelder ikke bare saklig innhold, men også den følelsesmessige siden.

Ved inngangen til 2026 opplever vi rystelser som skaper frykt og uro. En grunnleggende følelse av utrygghet fyller bevisstheten hos mange. I tidligere tider kunne de kirkelige styresmakter, som ofte var Kongen, forordne en bots- og bededag hvis det var noe som truet menneskene i samfunnet. Da ble ofte litaniet brukt i kirkens bønnetjeneste. I vår liturgiske tradisjon er dagen for bønn og bot plassert på en bestemt søndag i kirkeåret. Den er blitt en del av kirkens orden, og representerer ikke på samme måten verdens uorden.

Mange mennesker opplever i vår tid trykket fra verdens uorden. Det gjelder ikke minst flyktninger og mennesker som opplever krig, men også mange kristne som lever utrygge liv.

Den utryggheten vi kan kjenne på her i vårt eget land, er annerledes. Vi har sivil trygghet her i Norge, de aller fleste av oss. Likevel sniker usikkerheten seg inn på oss, enten vi vil eller ikke. Jeg spør om dette gjør at vi blir satt bedre i stand til å forstå andre som lever i utrygghet, enten de er forfulgte kristne eller medmennesker som lever i sult, krig og utrygghet for sine liv på andre måter.

Jeg ønsker meg et bønnespråk som ikke er bevarende og statisk, men som formulerer menneskets rop etter fred og rettferdighet på en mer tydelig måte. Kanskje litaniet skulle brukes mer? Eller skulle vi, alene, i bibelgrupper og i andre grupper, komme med forslag til hvordan vår egen tids bønner kunne formuleres, både i den enkeltes bønneliv og i kirkens liturgier? Hvordan kan vi ta dette inn over oss når vi nå nærmer oss påskehøytiden?

En bønn skal ikke være et foredrag som fremføres til Gud eller Jesus, men hjertets henvendelse til Den treenige Gud, midt i alt som skjer i verden. Også frykten hører med i bønnen, vår og andres frykt. ▮

Jeg vil gjerne dele noe viktig som biskop Thomas i Egypt sier:

## Vi åpner våre hjerter og ber:

Vi åpner våre hjerter og ber for alt som er nær oss i vår menneskelige tilværelse:

Vi ber for kirken, for presten og alle som tror.

Vi ber for luften, jorden og vannet.

Vi ber for de fattige, for enkene, for de foreldreløse og for alle som lider nød og frykter morgendagen.

Gjennom denne bønnen forplikter vi oss på inkarnasjonens realitet.

Vi bruker ikke gudstjenesten og nattverdsfeiringen til en form for religiøs nytelse.

Vi stenger ikke verden ute, men bærer den med oss frem for tronen.

Når vi er for tronen, er vi også sammen med dem som har gått foran oss til Gud, gjennom dødens trange port.



*Solmaz i Østerrike med biletet av svogeren Mohsen Rashidi (42), ein av 20 drepne kristne. Foto: Article 18*

# Trøystar dei som sørgjer

Eksil-iransk pastor trøystar iranske kristne som knapt held ut sorga etter massakrane i heimlandet.

TEKST: **JOHANNES MORKEN**

**I gatene i byen Baharestan** i Iran 8. januar: Regimestyrker møter også der demonstrantar med dødelege skot. Då trebarnsfaren Mohsen Rashidi ser ein ven segna om, spring han til. Sidan venen er død, prøver han å berga liket unna regimestyrkane.

Mashidi blir sjølv skoten, bakfrå. Blødande køyrer andre demonstrantar han til eit sjukehus. Men agentane som hadde skote han, nektar den livstrugande skadde å koma inn. I staden tek dei Rashidi med seg. I fleire dagar leitar familien etter han. Dei må betala både for å få vita at Rashidi stod på lista over døde og for å få liket utlevert. Og dei vert forsøkt pressa til å lesa frå Koranen og be islamske bøner over Rashidi, som to år tidlegare hadde konvertert og blitt ein kristen. Dei nektar å gje etter.

I Østerrike sit svigerinna Solmaz. Etter å ha fått høyra historia frå mora til Mohsen Rashidi, lovar ho å vera Mohsens stemme utanfor Iran. Til menneskerettsorganisasjonen Article 18 seier ho:

– Vi vil vera hans stemme, ja, stemma til alle i Iran. Vi kan ikkje tillata at blodet deira vert trakka på.

### Minst 19 kristne drepne

Article18 har verifisert at 19 kristne – blant desse den 42 år gamle Rashidi – var mellom dei mange tusen drepne og undersøkjer i tillegg seks andre saker. Historiene som kjem ut etter at internett og mobilnett gradvis er blitt opna igjen etter at regimet la lokk over eigne massakrar, er grufulle.

Den eksil-iranske pastoren Robert Asirsians har snakka med fleire kristne som er traumatiserte, som er redde og sørgjande.

– Millionar rykte ut i gatene fordi dei trudde at denne gongen ville masseprotestar få regimet til å falla. Regimet frykta det same. For å unngå å gje frå seg makta, slo regimet massivt til. Beskjeden regimet ville senda, var klar: Enten heldt folk seg heime, eller så risikerte dei å bli drepne, seier Asirsians til Magasinet Stefanus.

Han er ein av leiarane ved Pars Theology Centre som frå London, med støtte frå mellom andre Stefausalliansen, gjev teologisk utdanning, leiaropplæring, rådgjeving og sjelesorg til kristne i undergrunnskyrkjene i Iran. Pars har kring 500 studentar. Mange studerer over internett.

I Teheran overlevde ein av Pars-studentane, kona hans og to vener «som ved eit mirakel». Då dei fire sprang bort frå demonstrasjonane dei hadde delteke i 8. januar, vart dei oppdaga.

– Regimestyrkane skaut etter dei. Mange kuler trefte bilen dei sette seg inn i. Dei såg drepne rundt seg, fortel Asirsians.

Han har sjølv kjent ayatolla-makta på kroppen. Asirsians var pastor i ei stor pinsekyrkje i Teheran til kyrkja vart stengt i 2013. Regimet tolererte ikkje at den armenske kyrkja, som var anerkjent, tok imot fleire og fleire konvertittkristne som regimet forfølgjer. Asirsians sat tre veker i Evin-fengselet, han vart utsett for «kvit tortur», og vart truga med lang fengselsstraff. Robert Asirsians og kona reiste frå Iran etter at han kom ut – dei visste at overvaking ville hindra dei i å tena kyrkja.

> Millionar rykte ut i gatene fordi dei trudde at masseprotestar denne gongen ville få regimet til å falla.
>
> *Robert Asirsians*

### Handtera traume

Asirsians leier i dag rettleiings- og sjelesorgtenesta til Pars.

– Eg prøver å lytta, trøysta og rettleia djupt nedtrykte iranske kristne om korleis dei kan handtera traume etter eit blodbad vi enno ikkje kjenner det fulle omfanget av, seier Asirsians. →




*Demonstrasjon i London i januar 2026 for eit Iran frigjort frå ayatolla-styret. Foto: Shutterstock*

Han laga seks TV-program som vart sende på satellitt-TV om korleis kristne teologisk og psykologisk kan handtera traume. Programma er framleis tilgjengelege på internett.

Asirsians er òg sentral i ei eksil-iransk kyrkje i London. Også der er folk nedtrykte og traumatiserte.

– Vi har daglege bønemøte på Zoom og møtest ein gong i veka. Vi minnest dei døde, vi sørgjer og vi ber. Det er ei ny bølgje av bøn blant iranske kristne, fortel Asirsians.

Då det i 2022 sist var massedemonstrasjonar i Iran, gav Asirsians råd om tilhøvet mellom kristen tru og politisk aktivitet. Også denne gongen tok kristne, både konvertittar og armenske og assyriske kristne, til gatene, medan andre heldt seg heime for å be og hjelpa på andre måtar.

*– Ser folk håp, eller er det berre depresjon, sorg og sinne?*

– Det er vanskeleg å svara på. Det er nok ei blanding av alle desse kjenslene, svarar Asirsians.

**Ber om vestleg hjelp**

Også kristne i Iran ber om vestleg hjelp for å bli kvitt ayatolla-regimet, seier Mansour Borji, eksil-iranar som leier London-baserte Article 18. Organisasjonen står opp for trusfridom for alle i Iran og dokumenterer overgrep mot kristne.




*– Regimet har i alle sine 47 år stigmatisert fredelege menneske for å rettferdiggjera undertrykking, seier Mansour Borji. Foto: Johannes Morken*

> Be inderleg om radikal forandring i Iran.
>
> *Robert Asirsians*

*– Kva ber dei iranske kontaktane om frå Vesten?*

– Ingen likar krig. Det er alltid fare for sivile tap og øydelagt infrastruktur. Men aldri før har så mange i Iran tenkt at dei treng hjelp av militære angrep mot Den islamske republikken, for å erstatta dagens regime med eit styresett etter eige val. Dette regimet har vist at det har vilje til å drepa tusenvis av uvæpna demonstrantar. Det handlar ikkje berre om behovet majoriteten har for å meina og tru slik dei vil. Det handlar om å leva og overleva. Med eit så brutalt regime og ein så øydelagt økonomi ser folk inga framtid for seg eller for borna sine. Det er døden uansett.

*– Kaoset i Irak, Libya og Afghanistan viser vel at det ikkje er lett å bomba eit land til demokrati?*

– Regimet har heilt sidan 2009 svært proaktivt betalt lobbyistar til å planta forteljinga om at Den islamske republikken kan tilby stabilitet og at Vesten heller ønskjer eit kaotisk Iran på line med Libya og Irak. Mange vestlege diplomatar lener seg i dag på kaos-scenarioet, seier Borji og held fram:

– Ja, det blir kaotisk å kvitta seg med regimet. Men Iran kan ikkje samanliknast med Libya, Afghanistan, Syria eller Irak. Majoriteten i Iran har ein indre solidaritet, eit felles håp om å skapa eit inkluderande demokrati i

> Aldri før har så mange i Iran ropt: «No er det nok».
>
> *Mansour Borji*

ein sekulær stat. Mange vil heller samanlikna Iran med Japan og Tyskland der det vart demokrati etter den andre verdskrigen, seier Borji.

**Stigmatisering**

– *Kva fortel massakrane om regimet?*

– Regimet brukte ikkje lang tid på å koma med eit narrativ som kunne rettferdiggjera dei blodige handlingane. Etter berre ein dag og utan etterforsking i januar kalla utanriksdepartementet inn utanlandske ambassadørar, viste dei videoar og slo fast at demonstrantane var terroristar som var i gatene for å drepa, seier Borji og held fram:

– Regimet har i alle sine 47 år stempla og stigmatisert fredelege menneske. Konveritt-kristne, bahaiar og andre religiøse minoritetar er blitt stigmatisert som farlege, som fiendar og trugsmål. Regimet har til dømes brukt «sionistisk evangelikal kristendom» som stempel på alle kristne som ikkje følgjer lina til regimet. Dette er gjort for å rettferdiggjera fengsling, tortur og utstøyting. Slik har regimet gått fram ikkje berre mot minoritetar, men mot alle som ikkje følgjer lina til Den islamske republikken, seier Mansour Borji og avsluttar:

– Aldri før har så mange i Iran ropt: «No er det nok!»

– *Kva kan norske kristne gjera?*

– Be inderleg, be om radikal forandring i Iran, svarar pastor Robert Asirsians. ▮

**Kristne som syndebukkar**

- Article18 gjev ut rapporten «Scapegoats - Rights Violations Against Christians in Iran» saman med CSW og Middle East Concern, som saman med Article18 er partnarar for Stefanusalliansen, og Open Doors International.
- Rapporten kan lesast på nettsida vår www.stefanus.no.



# Rekordår for arrestasjonar

Minst 254 iranske kristne vart arresterte i 2025. Det er nesten dobbelt så mange som året før, då 139 vart arresterte, rapporterer Article18.

TEKST: **JOHANNES MORKEN**

■ **Dei fleste vart arresterte** etter krigen mellom Iran og Israel i juni.

– Regimet leita etter syndebukkar blant kristne og andre religiøse minoritetar, som bahaiar. Mangelen på evne til å slå tilbake angrep utanfrå førte til meir undertrykking i Iran, seier direktør Mansour Borji i menneskerettsorganisasjonen Article18.

Tala går fram av årsrapporten «Scapegoats» om brot på rettane til kristne i Iran.

**Lange straffer**

Her er fleire funn:

- Kristne får lengre og lengre straffer. Sjølv om færre fekk fengselsdom i 2025 enn året før – 73 mot 96 – var samla lengde på straffene høgare (280 år mot 263 år).
- Minst 11 kristne fekk i 2025 dommar på minst ti års fengsel.
- 21 kristne blei i 2025 fengsla for bibeldistribusjon.
- 43 kristne sona dommar i fengsel ved utgangen av 2025. I tillegg sat minst 16 i varetekt.
- Rapporten fortel om grov mishandling i varetekt.

**Terrororganisasjon arresterer**

Revolusjonsgarden får ei større og større rolle i overvaking og arrestasjonar av kristne. Oppgåva til Revolusjonsgarden er å verna Den islamske republikken. I januar sette EU Revolusjonsgarden på lista over terrororganisasjonar.

– Revolusjonsgardens forsterka rolle indikerer at regimet ser kristne som ein trussel. Det same ser vi av at regimet stemplar huskyrkjene som fiendtlege grupper, seier Borji.

**Overvakar i Tyrkia**

Regimet overvakar iranske kristne som deltek på teologiske seminar i Tyrkia. Statlege iranske media publiserte i august ein video av kristne som blei arresterte etter heimkomst. Videoen viste kristne på eit møte i Tyrkia, med skjermbilete av beslaglagde nytestamente. Videoen viste overvaking av «smugling» av biblar.

– For Revolusjonsgarden er det å ha ein bibel, prov på eit brotsverk, seier Mansour Borji. ▮

*Minst 13 ble drept, mange titals ble skadet og dette klasserommet ble knust da Boko Haram i september 2014 detonerte en bombe på en lærerskole i Kano-staten der Mubarak Bala kommer fra. Foto: Shutterstock*



# Han vil redde dem som ville drepe ham

Ateisten Mubarak Bala, som ble dømt til 24 års fengsel for blasfemi, sier islamsk ekstremisme sender Nigeria mot katastrofen.

INTERVJU: **KRISTINE TVEIT JORDET**

**Mubarak Bala** hadde tatt avstand fra islam på grunn av ekstremismen. I april 2020 ble han arrestert og satt to år på isolat i påvente av rettssak.

– Tiden i isolasjon var uutholdelig, forteller Bala til Magasinet Stefanus.

I 2022 ble han dømt til 24 års fengsel for blasfemi.

– Da jeg ble sendt til et fengsel med 2000 muslimske innsatte, var det som å bli kastet til løvene, fortsetter han.

Beskjeden fra fangevokterne var: «Finner noen ut at du er en frafallen, blir du drept, og da kan vi ikke gjøre noe». For å overleve måtte Bala delta i daglige bønner og faste, og han måtte fremsi trosbekjennelsen, sterkt imot sin egen overbevisning.

Det var ikke første gang.



*Mubarak Bala fortsetter kampen mot islamsk ekstremisme. Foto: Privat*

> Ved å så tvil om ideologien bak volden, kunne jeg kanskje hindre noen i å bli rekruttert.
>
> *Mubarak Bala*

## Indoktrinering

– Jeg vokste opp med ekstrem indoktrinering, forteller Bala om barne- og ungdomsårene i delstaten Kano. Allerede da hadde en voldelig, ekstrem versjon av islam fått fotfeste i Kano-staten.

Bala og andre gutter ble drillet i koranvers, bønner og islamsk lære. Men fordi familien var velstående, fikk han også vanlig skolegang.

– Jeg opplevde tidlig sprik mellom vitenskap og kritisk tenkning på den ene siden, og den religiøse dogmatikken hvor spørsmål ble ansett som farlige, sier han.

Først da Bala flyttet til delstaten Kaduna, for å studere, våget han sette ord på tankene sine.

## Ble tvangsinnlagt

Bala kritiserte åpent ekstremismen – med risiko for sitt eget liv.

– Men at det var verdt det innså jeg da jeg i 2013 så en halshugging av en kristen jente. Hun ble halshugget av folk som snakket mitt språk og var kledd i samme type klær som jeg hadde. Da visste jeg at dette var slutten på enhver form for diplomatisk oppførsel fra min side. Så jeg forsøkte desperat å samle så mange jeg kunne for å bekjempe ekstremismen.

På et tidspunkt fikk faren ham tvangsinnlagt på en psykiatrisk institusjon, der han ble utsatt for kraftig medisinering. Faren sa: «Hvis du frasier deg islam, er du fritt vilt. Men blir du erklært mentalt utilregnelig, kan ingen skade deg.» Foreldrene så dette som siste utvei for å redde sin sønn. Gjennom internettkontakter fikk Bala varslet, og føderale myndigheter grep inn og løslot ham.

– Målet mitt har aldri vært å konvertere noen til ateisme. Men ved å så tvil om ideologien bak volden, kunne jeg kanskje hindre noen i å bli rekruttert, sier Bala.

## Skrev brev etter brev

Bala ble leder for humanistbevegelsen i Nigeria. Han skrev brev etter brev til myndighetene om at situasjonen i Nord-Nigeria var i ferd med å spinne ut av kontroll. Det meste falt for døve ører. Familie og venner trakk seg unna i frykt. Han slet med å beholde jobber.

– I perioder gikk jeg dagevis uten mat. Bare hundene mine forlot meg ikke, sier Bala. Slik levde han i seks år før han i 2020 ble arrestert, anklaget for blasfemi.

I forvaring og isolat, og deretter i livsfare i fengselet, var lysglimtene få.

– Det eneste som holdt meg oppe, var tanken på at hvis jeg overlever, kan jeg prøve å få slutt på denne galskapen. Hvis jeg dør, blir jeg bare et symbol.

I fengselet møtte Bala også noen få kristne fanger.

– De var gode mennesker. Da noen av dem ble løslatt, fikk jeg smuglet ut korte brev til min mor. Slik fikk omverdenen vite at jeg levde.

Det Bala ikke visste, var at internasjonale organisasjoner og diplomater arbeidet for å få ham løslatt. Stefanusalliansens appellvenner sendte flere ganger brev til nigerianske myndigheter.

## Evakuert til Tyskland

I 2024 ble dommen redusert fra 24 til fem år. Kort tid etter ble også denne dommen kjent ugyldig. Bala ble frikjent og raskt evakuert til sikkerhet i Tyskland. Der fortsetter han engasjementet.

– Nigeria går mot en katastrofe. Jeg ønsker å redde dem som ville drepe meg, fra den livsfarlige ideologien. Hvis jeg kan hjelpe noen få – kvinner, barn eller andre – er livet mitt verdt det, sier Bala og fortsetter:

– Jeg drømmer om å vende tilbake til Nigeria og bygge en sekulær politisk bevegelse som kan samle muslimer, kristne og humanister om menneskeverdet, uten å la seg splitte av religiøse og etniske skillelinjer.



*Stefanusalliansen og andre europeiske Capni-partnere i München med løfter om langsiktig støtte. Foto: Capni*

# Sammen med Iraks kristne

Den irakiske hjelpeorganisasjon Capnis europeiske partnere lover langsiktig støtte. Det skjer i en situasjon der Iraks minoriteter som var offer for IS, kjenner seg sviktet av store vestlige aktører.

TEKST: **JOHANNES MORKEN**

**Capni, en av** Stefanusalliansens partnere i Irak, samlet 2. februar sine europeiske støttespillere i München i Tyskland. Deltakerne fikk blant annet ny innsikt i situasjonen for minoritetene i Irak.

Religiøse minoriteter bidrar til landets rike mangfold, men mangler juridisk vern for sine rettigheter.

### Harde kutt

Capni arbeider i den kurdiske regionen i nord. Capni og andre organisasjoner er rammet av kraftig redusert støtte fra store vestlige donorer. I sin nye strategi påpeker Capni behovet for vesentlig mer ressurser og dedikert innsats for Iraks minoriteter.

Møtet la vekt på felles ansvar og behovet for langsiktig støtte fra Capnis partnere. Emanuel Youkhana, som leder Capni, er glad for forpliktelsen.

– Vi irakiske kristne utgjør i dag bare 0,6 prosent av befolkningen i Irak, mens vi for 40 år siden utgjorde nesten 10 prosent. Det er en sjokkerende realitet. Men vi kan ikke bare gråte. Vi må handle, sammen med våre partnere og med mer støtte fra kristne som har reist fra Irak. Vi har dessuten våre kirker og andre institusjoner. Jesidiene, som ble mye verre rammet av IS enn kristne, står langt svakere, sier Youkhana.

### Sjokkert over USA

Youkhana følger også situasjonen i Nordøst-Syria der det også er kristne samfunn. Området har i mer enn et tiår vært kurdisk kontrollert. I kampen mot IS var den kurdiske SDF-militsen USAs allierte. Men etter at islamistgrupper fjernet Assad-regimet i desember 2024, skiftet dette.

Syrias nye president, Ahmed al-Sharaa, hadde, som militsleder Abu Mohammed al-Jolani, stått på vestlige lister over terrorister.

– Vi er sjokkerte over at en terrorist over natten ble ansett som en gentleman, og at han til og med ble tatt imot av president Trump. Mitt spørsmål om han må stå til ansvar for det han gjorde som al-Jolani, forblir ubesvart, sier Youkhana.

### Uro for flere tusen IS-krigere

I januar tok Damaskus-regjeringen kontroll over kurdiske områder i nordøst. Det skaper uvisshet også i Irak. USA har overført mer enn 5700 IS-krigere til fengsler i Irak.

> Vi er sjokkerte over at en terrorist over natten ble ansett som en gentleman.
>
> *Emanuel Youkhana*

– Ikke minst er minoritetene som var offer for IS, som ble utsatt for drap, kidnappinger og overgrep, misfornøyd, ingen forstår dette. En ting er å stille irakiske IS-krigere for retten og straffe dem her. Men hundrevis av dem er syrere. Mange andre er fra Europa, Afrika, Australia og Sentral-Asia. Hvorfor skal de sendes til Irak? Hva er planen? Skal de for eksempel brukes i kampen mot iransk-støttede militser? Vi er redd for at det pågår et skittent spill. Vi er lei oss fordi en så stor nasjon som USA skal ledes av en president som Trump, sier Youkhana.

# Forteller unge om forfulgte

Øystein Fure Johansen er lærerstudent og jobber for Stefanusalliansen ved siden av studiene. I januar hadde han en undervisningsdag for en klasse ved Gå Ut Senteret (GUS) i Trondheim.

– En viktig del av vårt oppdrag er å bringe historiene fra den forfulgte kirke tilbake til Norge. Muligheten jeg får til å gi ungdom et møte med sine forfulgte brødre og søstre, er noe av det største jeg får være en del av, sier Fure Johansen.

I januar besøkte han også Kviteseid menighet, som støtter Stefanusalliansens arbeid i Egypt, og Sagavoll folkehøyskole.



*Øystein Fure Johansen deler historier fra den forfulgte kirke, her på Framnes Arena. Foto: Stefanusalliansen*

# Student i praksis

Stefanusalliansen har fått en ny og engasjert praksis-student: Fanuel Yrgaw studerer ved Høyskolen for ledelse og teologi (HLT), som eies av Filadelfia Oslo og Det Norske Baptistsamfunn.

Sammen med praksisveileder Daniel Hop-Hansen bidrar Fanuel til å formidle organisasjonens arbeid gjennom seminarer og menighetsbesøk og til å skape gode møteplasser for å dele historier fra den forfulgte kirke. Fanuel skal forkynne på flere ungdomsmøter for Stefanusalliansen i vårt arbeid for å nå yngre målgrupper. Vi ser fram til å følge Fanuel videre.



*Fanuel Yrgaw er praksisstudent i Stefanusalliansen. Foto: Daniel Hop-Hansen*

# Ny partner i Etiopia

Stefanusalliansen inngår et nytt partnerskap i Etiopia med Ethiopia Interfaith Forum for Development, Dialogue and Action (EIFDDA). Organisasjonen har hovedkontor i hovedstaden Addis Abeba. Dette er en paraplyorganisasjon for utviklingsavdelingene til de ortodokse, katolske, protestantiske og muslimske trossamfunnene. Etiopia preges av spenninger mellom religiøse og etniske grupper. EIFDDA bruker religiøse lederes høye tillit i lokalsamfunnene til å arbeide for fred, trosfrihet og utvikling. Hvem som regnes som minoritet, avhenger av hvor man reiser. I det muslimske øst og protestantiske sør er ortodokse kristne i mindretall. I de ortodokse områdene i nord er muslimer og protestantiske kristne minoriteter.

Dette påvirker blant annet hvem som får tilgang på tomtegrunn til å bygge gudshus. Stefanusalliansen ser fram til samarbeidet om å fremme trosfrihet for alle, også i Etiopia. I første omgang er dette et ettårig pilotprosjekt.



*Stefanusalliansens utsendte møtte representanter fra EIFDDA i Addis Abeba. Foto: EIFDDA*

# Menigheter kan hjelpe kristne i Iran

Norske menigheter som vil støtte kristne i Iran, kan gjennom Stefanusalliansen gi bidrag til våre solide partnere Pars Theology Centre og Article18. Begge disse er kilder i artikkelen i dette magasinet, side 14-17.

Blant annet er Stefanusalliansens opplegg «Hemmelig gudstjeneste» inspirert av undergrunns-kirker i Iran. Gjennom et menighetsprosjekt vil menigheten få oppdatert informasjon, bønnekort og tilgang på historier.

Dersom din menighet vil ha prosjekt gjennom Stefanusalliansen, ta kontakt med Christine Gripsgård Lunga på epost: cgl@stefanus.no.

## Presser City-eier

Trosfrihetsorganisasjonen CSW (Christian Solidarity Worldwide) har lansert en underskriftskampanje rettet mot alle fotballklubbene og ledelsen i engelske Premier League. De vil holde eieren av Manchester City og en politisk leder i Emiratene, sjeik Mansour bin Zayed bin Sultan Al Nahyan, ansvarlig for å få stoppet Emiratenes rolle i den blodige krigen i Sudan.




*En demonstrasjon utenfor Manchester Citys hjemmebane Etihad Stadium. Foto: CSW*

## India: Kvinner krever rettferdighet

Urfolkskvinner i den indiske delstaten Manipur krever rettferdighet for kvinner som er mishandlet og drept i voldsbølgen siden mai 2023. Kristne kvinner fra kuki-folket er utsatt for voldtekt, gruppevoldtekt, lynsjing, kidnapping og bortføring. Flere er blitt levende brent. Gjerningspersoner har gått fri for straff. Rundt 260 mennesker er drept, og mer enn 60 000 er drevet på flukt. Over 11 000 hjem og mer enn 360 kirker, skoler og kirkelige institusjoner er ødelagt. Svært mange har ingen utsikt til å vende hjem. De fleste ofrene for voldsbølgen var kristne fra kuki-folket. Voldsbølgen startet da kukiene protesterte mot at også det dominerende meitei-folket skulle få grunnlovsfestede rettigheter som er innført for å hjelpe fattige urfolk.

*Kilde: Christian Today India*




*Kvinner fra kuki-folket protesterte mot voldtekter i Manipur i 2023. Foto: Shutterstock*

## India: Ingen bevis for tvang

Antikonverteringsloven i den indiske delstaten Uttarakhand krasjet i rettsvesenet. Domstoler har i fem saker frikjent kristne som var tiltalt for ulovlig konvertering. Domstolene konkluderte med at påtalemakten ikke hadde ført tilstrekkelige bevis. Indias Høyesterett har nå varslet at antikonverteringslovene som er innført i 12 av landets 28 delstater, skal prøves mot Grunnloven.

*Kilde: Christian Today India*

## Vietnam: Krever løslatelse

Vietnam har utstedt arrestordre for menneskerettsaktivisten Nguyen Dinh Thang og tiltalt ham for «terrorisme». Thang leder menneskerettsorganisasjonen Boat People SOS (BPSOS), tidligere partner for Stefanusalliansen. Vietnam anklager ham for å ha stått bak angrep på to politistasjoner i Dak Lak-provinsen i juni 2023. En annen aktivist, Y Quynh Bdap, ble i november utlevert fra Thailand for å sone en dom på ti år for «terrorisme» for samme sak. Se forrige utgave av Magasinet Stefanus.

CSW (Christian Solidarity Worldwide) og Stefanusalliansen ber Vietnam frafalle de fullstendig grunnløse terroranklagene mot Nguyen Dinh Thang og Y Quynh Bdap og straks å løslate Y Quynh Bdap og andre som er vilkårlig fengslet.



*Nguyen Dinh Thang er tiltalt for terrorisme – på falske bevis, sier CSW. Foto: CSW*

## Egypt: Kristen dømt for blasfemi

Egyptisk sikkerhetstjeneste har trappet opp arrestasjoner av kristne og andre for angivelige brudd på landets blasfemilov. I januar ble en kristen konvertitt dømt til fem års fengsel for «forakt for religion». 14 internerte medlemmer av ahmadiyya-samfunnet er blitt presset av sjeiker fra det statsstøttede Al-Azhar-universitetet til å fornekte sin tro.

*Kilde: USCIRF*

## Russland: Raider gudstjenester

Russisk politi og militære offiserer (noen med automatvåpen) raidet et søndagsmøte hos Baptist Council of Churches i Krasnodon i okkuperte deler av Ukraina 25. januar. Dette er baptistkirker som ikke vil registrere seg hos staten. «De sa at hvis vi ikke registrerer oss, vil de komme til hver eneste gudstjeneste og hindre at den finner sted,» sa pastor Vladimir Rytikov etter et politiavhør. Også i Russland truer myndighetene med å stenge uregistrerte baptistkirker.

*Kilde: Forum18 News Service*



*Politiet avhører medlemmer av baptistkirken i Krasnodar. Foto: Baptist Council of Churches*




# Synshemmet?

**Eller sliter du med lesingen fordi du har dysleksi?**

Bestill Magasinet Stefanus som lydfil.
Du kan enkelt velge hvilke artikler du vil høre.

Ring KABB på **telefon 69 81 69 81**
Send e-post: **kabb@kabb.no**
Eller **skann QR-koden**

BESTILL HER



Ungdom, kvinner og menn fengsles nå i Pakistan **fordi de tror feil.** Under dekke av landets **blasfemilov,** dømmes uskyldige kristne til døden. Mange får årelange fengselsdommer uten rettssak. **Vil du hjelpe en trosfange med advokathjelp?**

# DØDSDØMT
## uten vitner – uten bevis

Nauman (26) var bare en tenåring da han ble arrestert. Noen påstod at han viste frem blasfemiske tegninger i en park – klokka 03.00 på natta. Familien sier at han lå i senga si.

Saken hadde ingen vitner. Ingen bevis. Likevel ble Nauman dømt – til døden. Dyktige advokater som ble engasjert av Human Friends Organization(HFO) Stefanusalliansens partner i Pakistan, har ført hans sak og fått ham frikjent fra ett av to tiltalepunkter. Det siste gjenstår!

**<< Nauman Masih sitter fremdeles i fengsel, dømt for blasfemi.** *(Foto: HFO)*

**Ekstremister og svindlere fabrikkerer anklager, som et våpen mot kristne de ikke liker.** Og de har medvind. Mange gode dommere kvier seg for å ta i slike rettssaker, i frykt for ekstremistmobben, så sakene trekker ut i årevis. Tilbake sitter sønderknuste familier, uten sine kjære, uten rettferdighet. **Modige advokater** i HFO setter ofte egen sikkerhet på spill for å forsvare ofre for blasfemiloven, som Nauman. HFO gir advokathjelp, legehjelp, mat og trygge skjulesteder for slekten til den fengslede som ofte trenger beskyttelse fra mobb og ekstremister. De som blir frifunnet, trenger også et nytt og sikkert sted å bo. Arbeidet er kostbart og risikabelt. HFO hjelper også flere hinduer som er i samme situasjon og har blitt ofre for blasfemiloven!

Vi får jevnlig rapporter om hvordan det går med Nauman i fengselet. HFO bidrar slik at Nauman får mulighet til å studere bak murene. Han gjør det godt. Nauman har ikke gitt opp, og det skal ikke vi heller.

### Vil du gi advokathjelp og rettferdighet til ofrene for blasfemiloven?

**Gaveeksempel:**

Gi én måned med **mat og helsehjelp** til en trosfange: 360,-

**Gaveeksempel:**

Gi **advokathjelp** for én dag: 675,-

**Gaveeksempel:**

Gi en **rettferdig rettssak** med advokat: 3350,-

vipps til **19013** - merk med: **Frihet**

***Alle gavestørrelser er velkomne!***

*Overskytende midler vil gå til arbeidet for de forfulgte i Sør-Asia.*
*Ved å gi en gave godtar du Stefanusalliansens personvernerklæring: stefanus.no/gi-gave/personvern*